| | ) | førelesingar, seminar, munnleg russisk, ~~gruppearbeid~~, skriftlege og munnlege presentasjonar, omgreps- og problemfokuserte oppgåver, problembasert læring, rettleiing og praktisk bruk av digitale verktøy.<br><br>Studentane blir oppmoda til å delta på masterseminar frå første semester av, og til å leggja fram eit tema for masteroppgåva, diskutera dette med faglærarane og skriva under ein rettleiingskontrakt så tidleg som mogleg i andre semester. Det er også ønskjeleg at studentane utarbeider ei prosjektskisse i andre semester.<br><br>For nærare informasjon, sjå dei einskilde emneplanane. | Døme: *Det vert brukt arbeids- og undervisningsformer som leggjer til rette for studentaktivitet, til dømes problembasert læring, feltarbeid og oppgåver som studentane må løyse saman med ein eller fleire medstudentar. Undervisninga omfattar og førelesingar og seminarundervisning i mindre grupper - kombinert med tilbakemelding frå undervisar og/eller medstudentar på skriftlege og munnlege arbeid undervegs i studiet.*<br>Dersom det finst krav om praksis, tar ein det med her. |
| **Vurderingsformer**<br>Assessment methods | SP_VURDERI | Gjennom studiet møter studentane ulike vurderingsformer. Til dømes skriftleg skuleeksamen, rettleidd oppgåve, ~~heimeeksamen~~, munnleg presentasjon, ~~munnleg prøve~~ og mappevurdering.<br><br>Vurderingsformene er tilpassa læringsutbyttet i dei ulike emna.<br><br>Masterstudiet blir avslutta med ein munnleg eksamen der masteroppgåva blir diskutert.<br><br>For nærare informasjon om vurderingsformer, sjå dei | Gi ei oversikt over vurderingsformene som blir brukte for å vurdere om det definerte læringsutbyttet er oppnådd. Her tar ein utgangspunkt i vurderingsformene i emnebeskrivingane for emna i studieløpet.<br><br>Døme: *Emna som inngår i studieløpet, nyttar hovudsakleg ulike kombinasjonar av følgjande vurderingsformer: heimeeksamen, skriftleg skoleeksamen og munnleg eksamen.* |

**Kommentert [MP7]:** Setning flyttet hit fra ”Mål og innhald”

<table>
<tr><td></td><td></td><td>einskilde emneplanane.<br><br><table>
<tr><td colspan="2">~~Kvart emne blir avslutta med ein eksamen. Dei eksamensformene som blir nytta er gjort greie for under kvart einskilt emne.~~<br><br>~~Masterstudiet blir avslutta med ein munnleg eksamen der masteroppgåva blir diskutert.~~</td></tr>
<tr><td>~~Emne~~</td><td>~~Vurderingsform(er)~~</td></tr>
<tr><td>~~RUS301~~</td><td>~~Skuleeksamen~~</td></tr>
<tr><td>~~RUS302~~</td><td>~~Skuleeksamen/mappevurdering~~</td></tr>
<tr><td>~~RUS303~~</td><td>~~Mappevurdering~~</td></tr>
<tr><td>~~RUS304~~</td><td>~~Skriftleg oppgåve og munnleg seminarinnlegg~~</td></tr>
<tr><td>~~RUS305~~</td><td>~~Skriftleg oppgåve og munnleg seminarinnlegg~~</td></tr>
<tr><td>~~RUS350~~</td><td>~~Masteroppgåve (70 – 110 s.) og munnleg eksamen~~</td></tr>
</table></td><td></td></tr>
<tr><td>**Litteraturliste**<br>Reading list</td><td></td><td>Litteraturliste finn ein på det einskilde emnet si nettside. Litteraturlista skal være klar innan 01.06 for haustsemesteret, og innan 01.12 for vårsemesteret.</td><td></td></tr>
</table>

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | NB: Merk at det ikkje finst litteraturlister til alle emne – i nokre emne skal studentane til dømes sjølv velje litteratur i samråd med lærar eller rettleiar.<br><br>~~Litteraturliste finn ein på Mi Side MittUiB~~<br><br>~~Lista vil vera klar innan 01.06 / 01.12 for det komande semesteret.~~ | |
| **Karakterskala**<br>Grading scale | SP_KSKALA | Ved sensur av emna i programmet kan det bli nytta ein av to karakterskalaer:<br><br>• A-F, der F er stryk<br>• greidd/ikkje greidd<br><br>Sjå emneplanen for det einskilde emnet.<br><br>~~Ved sensur av emna i programmet nyttast karakterskalaen A-F, der F er stryk~~ | Ved UiB er det to typar karakterskalaer:<br><br>• «bestått» / «ikkje bestått»<br>• Bokstavkarakterar med skalaen A, B, C, D, E, F<br><br>Bokstavkarakterar er mest utbreidde. Sjå elles UiBs Studieforskrift.<br><br>Døme: *Emna som inngår i det tilrådde studieløpet vert karaktersett med bokstavkarakterar (A-F).* |
| **Vitnemål og vitnemålstillegg**<br>Diploma and Diploma Supplement | SP_VITNEM | Vitnemål og vitnemålstillegg blir skrive ut etter at graden er fullført. | |
| **Grunnlag for vidare studium** | SP_KOMPETA | Fullført masterprogram med gode resultat kvalifiserer til å søkje om opptak på doktorgradsstudium i | For vidare studium på masternivå gjeld paragraf 4.1.1 i UiBs Studieforskrift (om |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Access to further studies | | relevante fag. | Opptak og opptaksbehandling).<br><br>Sjå óg *Mal for norske vitnemål og vitnemålstillegg.* |
| **Relevans for arbeidsliv**<br>Employability | SP_ARBLREL | ~~Masterprogrammet i russisk kvalifiserer til undervisning~~ Med mastergrad i russisk vil du kunna undervisa i russisk på høgare nivå og for variert arbeid både i offentleg og privat sektor på felt der det internasjonaliserte samfunnet set høge krav til både språk- og kulturkunnskapar. Andre yrkesvegar kan til dømes vera arbeid innanfor kulturformidling, forlagsverksemd, media, offentleg forvaltning og omsetjing. Studiet kan dessutan danna grunnlag for forskarutdanning i russisk språkvitskap, litteraturvitskap eller kulturforsking. | Oversikt over ulike, moglege yrkesvegar. |
| **Evaluering**<br>Evaluation | SP_EVALUER | Masterprogrammet blir kontinuerleg evaluert i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB. Emne- og programevalueringar finn ein på kvalitetsbasen.uib.no | Gjer greie for dei evalueringsformene som vanlegvis blir brukte på program- og emnenivå. |
| **Skikkavurdering og autorisasjon**<br>Suitability and authorisation | SP_AUTORIS | Programmet har ikkje krav om skikkavurdering eller autorisasjon. | Der dette er aktuelt.<br><br>Døme: *Suitability assessment is required.* |
| **Programansvarleg**<br>Programme committe | SP_FAGANSV | Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på | Dersom fakultetet brukar ei anna nemning for same funksjonen, set ein inn den |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | studieprogrammet | nemninga. |
| **Administrativt ansvarleg**<br><br>Administrative responsibility | SP_ADMANSV | Institutt for framandspråk ved Det humanistiske fakultet har det administrative ansvaret for studieprogrammet. | |
| **Kontaktinformasjon**<br>Contact information | SP_KONTAKT | *studierettleiar@if.uib.no*<br>*Tlf. 55 58 93 70* | |

Endringer og spørsmål siden juni i rødt på gul bakgrunn

| **Kategori/Infotype** | **Tekst** |
|---|---|
| Emnekode | RUS301 |
| **Namn på emnet, nynorsk** | Russisk språkhistorie og språkstruktur |
| **Namn på emnet, bokmål** | Russisk språkhistorie og språkstruktur |
| **Namn på emnet, engelsk** | The Russian Language – History and Structure |
| **Studiepoeng, omfang**<br>ECTS Credits<br>EB_POENG | 15 |
| **Studienivå** (studiesyklus)<br>Level of Study<br>EB_NIVA | Master |
| **Fulltid/deltid**<br>Full-time/Part-time<br>EB_FULLDEL | *Ikkje relevant* |
| **Undervisningsspråk**<br>EB_SPRAK | Normalt norsk ~~og russisk~~, men òg russisk og engelsk ved behov |
| **Undervisningssemester**<br>Semester of Instruction<br>EB_UNDSEM | Haust |
| **Undervisningsstad**<br>Place of Instruction<br>EB_UNDSTED | Bergen |
| **Mål og innhald**<br>Objectives and Content<br>EB_INNHOLD | Emnet har som mål å gjeve studenten ei grundig innføring i ei språkvitskapleg tilnærming til det russiske språket. Emnet inneheld fire delar, 1) språkhistorie 2) tekstutdrag på kyrkjeslavisk og gamalrussisk 3) moderne russisk språkstruktur og 4) språk og samfunn.<br><br>Emnet skal formidle forståing for hovudtrekka i russisk språkhistorie, og det vert lagt særskilt vekt på å syne den relevansen språkutviklinga har for moderne standardrussisk og russiske dialektar.<br><br>Studiet gjev eit oversyn over teksttypar og litterær aktivitet frå kristninga inntil 1800-talet. Kurset byggjer vidare opp ei språkvitskapleg forståing for moderne russisk språkstruktur og presenterer sentrale emne innanfor russisk sosiolingvistikk og/eller dialektologi.<br><br>~~RUS301 gjev ei grundig innføring i ei språkvitskapleg tilnærming til det russiske språket. Emnet inneheld fire delar, 1. språkhistorie, 2.~~ |

| | |
|---|---|
| | ~~tekstutdrag på kyrkjeslavisk og gamalrussisk, 3. moderne russisk språkstruktur og 4. . evt. andre emne, som språk og samfunn, og dialektar.~~<br>~~Studentane blir presenterte for hovudtrekka i russisk språkhistorie, og det blir lagt særskilt vekt på å syna den relevansen språkutviklinga har for moderne standardrussisk og russiske dialektar. Samstundes gjev kurset eit oversyn over teksttypar og litterær aktivitet frå kristninga inntil 1800-talet. Kurset byggjer vidare opp ei språkvitskapleg forståing for moderne russisk språkstruktur og presenterer sentrale emne innanfor moderne russisk sosiolingvistikk og/eller dialektologi.~~ |
| **Læringsutbytte**<br>Learning Outcomes<br>EB_UTBYTTE | Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbytte definert i kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse:<br><br>**Kunnskap**<br>Studenten<br>• har ei oversikt over russisk språkhistorie og kan beskrive dei viktigaste språkendringane i russisk.<br>• har innsikt i sentrale språkendringar og språkvariasjonar over tid og rom og kan forklare tilhøvet mellom standardspråk og dialekter og mellom skriftspråk og talemål.<br>• har ei oversikt over utviklinga av det russiske skriftspråket og av den russiske skriftkulturen før 1700.<br>• har utdjupa kunnskapar om enkeltemne, som morfologisk analyse o.a.<br>• har oppøvd opp ei kritisk og sjølvstendig haldning til språkvitskaplege problemstillingar som er naudsynte for arbeid med ei masteroppgåve om russisk språk.<br><br>**Ferdigheiter**<br>• Studenten har opparbeidd ferdigheiter i å lesa og vurdere språkvitskapleg litteratur, både på russisk og på andre språk.<br>• Studenten kan nemne dei viktigaste skilnadene mellom nord- og sørrussiske dialektar.<br><br>**Generell kompetanse**<br>• Studenten har innsikt i sentrale emne innanfor moderne russisk sosiolingvistikk og/eller dialektologi.<br>• Studenten har ei god forståing av moderne russisk språkstruktur.<br><br>~~Studentane~~ |

| | |
|---|---|
| | • har ei oversikt over russisk språkhistorie og kan beskriva dei viktigaste språkendringane i russisk.<br>• har opparbeidd dugleik i å lesa og vurdera språkvitskapleg litteratur, både på russisk og på andre språk.<br>• har innsikt i sentrale språkendringar og språkvariasjonar over tid og i rom og kan forklara tilhøvet mellom standardspråk og dialektar og mellom skriftspråk og talemål.<br>• har oversikt over utviklinga av det russiske skriftspråket og av den russiske skriftkulturen og litteraturen før 1700.<br>• har innsikt i sentrale emne innanfor moderne russisk sosiolingvistikk og/eller dialektologi.<br>• kan nemna dei viktigaste skilnadene mellom nord- og sør-russiske dialektar.<br>• har ei god forståing av moderne russisk språkstruktur og utdjupa kunnskapar om enkeltemne, som morfologisk analyse o.a.<br>• har oppøvd ei kritisk og sjølvstendig haldning til språkvitskaplege problemstillingar, som er naudsynt for arbeid med ei masteroppgåve om russisk språk. |
| **Krav til forkunnskapar**<br>EB_KRAV | Ingen formelle krav |
| **Tilrådde forkunnskapar**<br>EB_ANBKRAV | Ingen |
| **Studiepoengsreduksjon**<br>EB_SPREDUK | Ingen |
| **Krav til studierett**<br>EB_STUDRET | Emnet er ope for studentar med studierett på masterprogrammet i russisk ved UiB. Studentar på andre masterprogram med naudsynte(?) forkunnskapar kan søkje Institutt for framandspråk om å få melde seg til emnet. |
| **Arbeids- og undervisningsformer**<br>Teaching and Learning Methods<br>EB_ARBUND | To doble timar kvar veke med førelesingar og tekstgjennomgang.<br><br>Det blir normalt gitt om lag 19 dobbeltimar førelesning, med 1–2 dobbelttimar i veka i tolv veker.<br>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studenttalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. september. |
| **Obligatorisk undervisningsaktivitet**<br>Compulsory Assignments and Attendance<br>EB_OBLIGAT | To obligatoriske innleveringar. Innleveringane inneheld spørsmål frå tidlegare eksamensoppgåver og andre korte oppgåver.<br>Godkjenninga av obligatoriske arbeidskrav er gyldig i undervisningssemesteret og to påfølgjande semester. |
| **Vurderingsformer** | Eksamen er ein seks timars skuleeksamen. Dei to innleveringane må |

**Kommentert [MP1]:** Kanskje det er studenter på for eksempel lingvistikk med nødvendige forkunnskaper.

| | |
|---|---|
| Forms of Assessment<br>EB_VURDERI | ~~vera godkjende før studentane kan gå opp til eksamen.~~ |
| **Hjelpemiddel til eksamen**<br>Examination Support Material<br>EB_HJELPEM | Ingen |
| **Karakterskala**<br>Grading Scale<br>EB_K-SKALA | ~~Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, kor F er stryk.~~<br>Det vert nytta gradert karakterskala frå A til F, der F er stryk. |
| **Vurderingssemester**<br>Assessment Semester<br>EB_EKSSEM | Haust. Det er òg vurdering tidleg i vårsemesteret for studentar med gyldig godkjenning av obligatoriske arbeidskrav. |
| **Litteraturliste**<br>Reading List<br>EB_LEREM | Russisk språkhistorie og språkstruktur har eit primærpensum og eit sekundærpensum. Primærpensum inneheld tekstar og tekstutdrag (ca 15 sider), sekundærpensum er sett saman av utvalde lærebokkapittel og artiklar frå faglitteraturen (ca. 700-900 sider) på engelsk, russisk og/eller norsk.<br><br>Litteraturlista vil vere klar innan 01.06. for haustsemesteret og 01.12. for vårsemesteret. |
| **Emneevaluering**<br>Course Evaluation<br>EB_EVALUER | Emneevalueringar blir gjennomførte i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem. |
| **Programansvarleg**<br>Course Coordinator<br>EB_PROGANS | Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der. |
| **Emneansvarleg**<br>EB_EMNANSV | Programstyret for russisk. |
| **Administrativt ansvarleg**<br>Course Administrator<br>EB_ADMANSV | Det humanistiske fakultet ved Institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet. |
| **Kontaktinformasjon**<br>Contact Information<br>EB_KONTAKT | Studierettleiar: studierettleiar@if.uib.no<br>Eksamensadministrasjon: eksamen@if.uib.no |

| **Kategori/Infotype** | **Tekst** |
|---|---|
| Emnekode | RUS302 |
| **Namn på emnet, nynorsk** | Tekst og skriftleg russisk |
| **Namn på emnet, bokmål** | Tekst og skriftlig russisk |
| **Namn på emnet, engelsk** | Text and Written Russian |
| **Studiepoeng, omfang**<br>ECTS Credits<br>EB_POENG | 15 |
| **Studienivå** (studiesyklus)<br>Level of Study<br>EB_NIVA | Master |
| **Fulltid/deltid**<br>Full-time/Part-time<br>EB_FULLDEL | *Ikkje relevant* |
| **Undervisningsspråk**<br>EB_SPRAK | Norsk og russisk |
| **Undervisningssemester**<br>Semester of Instruction<br>EB_UNDSEM | Haust |
| **Undervisningsstad**<br>Place of Instruction<br>EB_UNDSTED | Bergen |
| **Mål og innhald**<br>Objectives and Content<br>EB_INNHOLD | Emnet har som mål å stadfeste språkkjensla og forbetre studenten sine språklege ferdigheiter, først og fremst i det skriftlege, ved å utvida ordforrådet og praktisere språket i ein akademisk kontekst.<br><br>Studiet tar opp tema som essayskriving, vitskaplege tekstsjangrar, omsetjing av avanserte tekstar, og bruk av fagspesifikt akademisk vokabular på russisk.<br><br>~~Studentane skal skaffa seg større språkdugleik, først og fremst i det skriftlege. Dei skal utvida ordforrådet og stadfesta språkkjensla~~ |
| **Læringsutbytte**<br>Learning Outcomes<br>EB_UTBYTTE | Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbytte definert i kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse:<br><br>**Kunnskap**<br><br>• Studenten har god innsikt i eit russisk akademisk omgrepsapparat og kunnskap om korleis ein byggjer opp og formulerer eit akademisk essay på russisk.<br>• Studenten har god kunnskap om det valde temaet for |

| | |
|---|---|
| | heimeessayet.<br><br>**Ferdigheiter**<br><br>• Studenten har utvikla ferdigheiter i å lese og forstå tekstar innan ulike sjangrar, med hovudvekt på vitskaplege tekstar og sakprosa. Studenten har opparbeidd praktiske ferdigheiter i å utforme akademiske tekstar gjennom arbeidet med heimeessayet og førebuinga til skuleessayet.<br>• Studenten har øvd opp ferdigheiter i å omsetje forholdsvis? avanserte tekstar frå norsk til russisk.<br><br>**Generell kompetanse**<br><br>• Studenten har utvida sitt generelle aktive og passive russiske ordforråd ~~sitt så vel som~~ og tileigna seg eit meir fagspesifikt akademisk vokabular. ~~både munnleg og skriftleg.~~<br>• Studenten har god innsikt teori og praksis knytt til omsetjing mellom russisk og norsk.<br>• Studenten har fått god trening i å lese og utforme akademiske tekstar og er godt budd på å skrive ei masteroppgåve innan russiskfaget.<br><br>~~Etter fullført emne:~~<br>~~Studentane~~<br>• ~~har god innsikt i eit russisk akademisk omgrepsapparat og kunnskap om korleis ein byggjer opp og formulerer eit akademisk essay på russisk.~~<br>• ~~har opparbeidd praktisk dugleik i å utforma akademiske tekstar gjennom arbeidet med heimeessayet og førebuinga til skuleessayet.~~<br>• ~~har øvd opp dugleik i å omsetja forholdsvis avanserte tekstar frå norsk til russisk.~~<br>• ~~har vidareutvikla dugleiken i å lesa og forstå tekstar innan ulike sjangrar, med hovudvekt på vitskaplege tekstar.~~<br>• ~~har utvida det generelle aktive og passive ordforrådet så vel som eit meir fagspesifikt akademisk vokabular, både munnleg og skriftleg.~~<br>• ~~er godt budde på å skriva ei masteroppgåve innan russiskfaget.~~ |
| **Krav til forkunnskapar**<br>EB_KRAV | Ingen formelle krav |
| **Tilrådde forkunnskapar**<br>EB_ANBKRAV | Emnet føreset gode russiskkunnskapar |

| | |
|---|---|
| **Studiepoengsreduksjon**<br>EB_SPREDUK | Ingen |
| **Krav til studierett**<br>EB_STUDRET | Emnet er ope for studentar med studierett på masterprogrammet i russisk ved UiB. Studentar på andre masterprogram med naudsynte(?) forkunnskapar kan søkje Institutt for framandspråk om å få melde seg til emnet. |
| **Arbeids- og undervisningsformer**<br>Teaching and Learning Methods<br>EB_ARBUND | Normalt tjue ~~Tjue~~ dobbelttimar med kursbasert essayskriving og omsetjingsøvingar. Undervisninga omfattar skriftleg omsetjing norsk-russisk, teoretisk og praktisk oppøving i essayskriving på russisk og tekstarbeid. ~~tekstlesing og munnlege øvingar.~~<br><br>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan undervisningstilbodet bli tilpassa studenttalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. september. |
| **Obligatorisk undervisningsaktivitet**<br>Compulsory Assignments and Attendance<br>EB_OBLIGAT | Det er obligatorisk innlevering av 70% av omsetjingane, 7 av totalt 10, og av disposisjon og førsteutkast til heimeoppgåva (essayet).<br><br>~~Dei obligatoriske arbeidskrava er gyldige i to semester utover inneverande semester.~~<br>Godkjenninga av obligatoriske arbeidskrav er gyldig i undervisningssemesteret og to påfølgjande semester. |
| **Vurderingsformer**<br>Forms of Assessment<br>EB_VURDERI | ~~1) Skuleeksamen på seks timar med omsetjing frå norsk til russisk av ein tekst på omlag 300 ord.~~<br>~~2) Mappevurdering: Eksamens~~ Vurderingsforma er ei mappe som inneheld ~~ei oppgåve (essay) på russisk~~ eit akademisk essay på russisk ~~om eit sjølvvalt emne~~ på om lag 2000 ord. Dette essayet er ei heimeoppgåve som skal leverast til fastsett frist. I tillegg skal alle studentar opp til ei ~~fem~~ seks timars intern prøve, der dei skal skrive eit essay på russisk på om lag 500 ord og omsetja ein tekst på om lag 300 ord frå norsk til russisk. På denne prøva kan ein nytte russisk-russisk ordbok. ~~Mappa får ein samla karakter.~~ Heimeoppgåva tel 60% og prøva tel 40% av den samla karakteren.<br>~~Ved fastsetjing av endeleg karakter tel skuleeksamen i omsetjing 40% og mappevurderinga 60%. Begge vurderingsdelane må vera greidd i same semester.~~<br><br>Heimeoppgåva må vere greidd før ein kan gå opp til den interne prøva.<br><br>~~Eksamen blir arrangert berre i undervisningssemesteret.~~ |
| **Hjelpemiddel til eksamen**<br>Examination Support Material<br>EB_HJELPEM | ~~1) Skuleeksamen med omsetning: Ingen~~<br><br>1) Under arbeidet med heimeessayet kan ein nytte alle hjelpemiddel. |

| | |
|---|---|
| | 2) På den interne prøva ~~med essayskriving~~: ei russisk-russisk ordbok. |
| **Karakterskala**<br>Grading Scale<br>EB_K-SKALA | ~~Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, kor F er stryk.~~<br>Det blir nytta gradert karakterskala frå A til F, der F er stryk. |
| **Vurderingssemester**<br>Assessment Semester<br>EB_EKSSEM | ~~Eksamen blir arrangert berre i undervisningssemesteret.~~ Haust. Det er òg vurdering (ny intern prøve) tidleg i vårsemesteret for studentar med gyldig godkjenning av obligatoriske arbeidskrav og godkjend heimeoppgåve. |
| **Litteraturliste**<br>Reading List<br>EB_LEREM | Studentane skal ~~lesa~~ lese eit fellespensum à ca 3-400 sider med variert sakprosa. ~~og skjønnlitteratur~~ og eit særpensum à ca. 100 sider. Særpensumet blir sett saman av studentane i samråd med faglærar og dannar grunnlaget for ~~essayskrivinga~~ heimeessayet.<br>Litteraturlista vil vere klar innan 01.06. for haustsemesteret og 01.12. for vårsemesteret. |
| **Emneevaluering**<br>Course Evaluation<br>EB_EVALUER | Emneevalueringar blir gjennomførte i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem. |
| **Programansvarleg**<br>Course Coordinator<br>EB_PROGANS | Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der. |
| **Emneansvarleg**<br>EB_EMNANSV | Programstyret for russisk. |
| **Administrativt ansvarleg**<br>Course Administrator<br>EB_ADMANSV | Det humanistiske fakultet ved Institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet. |
| **Kontaktinformasjon**<br>Contact Information<br>EB_KONTAKT | Studierettleiar: studierettleiar@if.uib.no<br>Eksamensadministrasjon: eksamen@if.uib.no |

# MAHF-SPLA
# Med emneomtalar

| **Kategori** | **Infotype** | **Tekst** |
|---|---|---|
| **Namn på studieprogrammet, nynorsk** | | Masterprogram i spansk ~~språk~~ og latinamerikastudium |
| **Navn på studieprogrammet, bokmål** | | Masterprogram i spansk ~~språk~~ og latinamerikastudier |
| **Name of the programme of study, English** | | Master's Programme in Spanish ~~Language~~ and Latin-American Studies |
| **Namn på grad** Name of qualification | SP_GRADEN | Master i spansk ~~språk~~ og latinamerikastudium |
| **Omfang og studiepoeng** ECTS credits | SP_OMFANG | Studiet har eit omfang på 120 studiepoeng og er normert til to år på full tid.<br>~~120 studiepoeng~~ |
| **Fulltid/deltid** Full-time/part-time | SP_FULLDEL | Fulltid. Om du vil ta heile eller delar av studiet som eit 50% deltidsstudium, må du levera formell søknad til instituttet. Les meir om dette i Rutinar for masterstudiet ved HF. |
| **Undervisningsspråk** Language of instruction | SP_SPRAK | ~~Norsk og~~ Spansk |
| **Studiestart – semester** Semester | SP_START | Haust.<br><br>Det kan vera aktuelt å ta opp studentar også i vårsemesteret. Ta kontakt med studierettleiar ved spørsmål om opptak. |
| **Mål og innhald**<br><br><br>Objectives and content | SP_INNHALD | *Mål:*<br>Spansk er dagleg bruksspråk for nærare 500 millionar menneske. På verdsbasis er interessa for spansk stor, og Noreg har eit aktivt tilhøve til Latinamerika via investeringar, miljøsatsing, menneskeretts- og demokratitiltak. Solide kunnskapar om spansk språk og Latin-Amerika kan gje deg gode arbeidsutsikter i ei verd der språkkunnskap og interkulturell kompetanse er viktigare enn nokon gong.<br><br>Programmet sitt læringsmål er å gje kunnskap om og teoretisk innsyn i Latin-Amerikas språk, litteratur, historie og kultur. Programmet kombinerer tre disiplinar, språk, litteratur og historie, med sikte på å utvikla analytiske og metodiske evner som gjer denne kunnskapen nyttig i både norsk og internasjonal |

| | | |
|---|---|---|
| | | samanheng.<br><br>*Innhald:*<br>Det fyrste året av programmet inneheld emne på til saman 60 studiepoeng som har som mål å gje studenten teoretisk og metodologisk grunnlag for å kunna utføra sjølvstendig forskingsarbeid innan latinamerikastudier. Gjennom teoretiske og praktiske tilnærmingar vil studenten kunna utvikla god evne til kritisk tolking og analyse av spanskspråklege tekstar i vid meining.<br><br>Det andre året i programmet er føremålet å skriva ei masteroppgåve. Arbeidet med masteroppgåva utgjer 60 studiepoeng. Emnet for oppgåva skal liggja innanfor tematikken i studieprogrammet (spansk språk, latinamerikansk litteratur, historie eller kultur). Det er også mogeleg å skriva masteroppgåve med ei fagdidaktisk vinkling. Oppgåva skal syna studentane si evne til å gjera vitskapleg utgreiings- og forskingsarbeid ved å analysera kritisk større mengder informasjon.<br><br>~~Masterstudiet er samansett av ei masteroppgåve (60 studiepoeng) og seks emne à 10 studiepoeng. Masteroppgåva er eit sjølvstendig, rettleidd forskingsarbeid over eit sjølvvalt emne henta frå éin av dei tre hovuddisiplinane i faget: (1) Spansk lingvistikk; (2) Litteratur og (3) Kulturkunnskap (i samsvar med ressursane på faget). Desse tre disiplinane dannar grunnlaget for dei seks emna som det vert undervist i på studiet. Normert studietid for heile masterstudiet er fire semester.~~<br><br>~~Kandidaten skal i hovudregelen fullføre kursdelen av masterprogrammet før ein kan levere inn oppgåva..~~ |
| **Læringsutbytte**<br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br>Required learning outcomes | SP_UTBYTTE | Kandidaten skal ved avslutta program ha føljande læringsutbyte definert i kunnskapar, kompetanse og generell kompetanse:<br><br><u>Kunnskapar</u><br>Studenten<br>• har solide kunnskap~~ar~~ innan spansk lingvistikk ~~språk~~ og latinamerikansk kultur- og litteraturstudium. ~~litteratur, kultur og historie.~~<br>• har inngåande kunnskapar om fagområdet ~~og tilhøyrande~~ som vedkjem vitskaplege teoriar og metodar.<br>• kan bruka kunnskapen på nye område innanfor språk~~, kulturkunnskap eller~~ litteratur, historie og kultur. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Kompetanse<br>Studenten<br>• har utvikla ei sjølvstendig og kritisk forståing av forskingstradisjonar innanfor studiet<br>• har utvikla vidare den språklege ~~dugleiken~~ kompetansen frå grunnutdanninga.<br>• kan på sjølvstendig vis ta i bruk metodar og vitskaplege arbeidsteknikkar frå faget i undersøkinga av eit relevant materiale frå éin av dei tre hovuddisiplinane.<br><br>Generell kompetanse<br>Studenten<br>• kan analysera relevante fag-, yrkes- og forskingsetiske problemstillingar.<br>• kan bruka kunnskapane sine og ~~dugleiken~~ kompetansen sin på nye område for å gjennomføra spesialiserte arbeidsoppgåver og prosjekt.<br>• kan kommunisera om faglege problemstillingar, analysar og konklusjonar innanfor fagområdet, både generelt og med spesialistar.<br>• kan yta tilskot til nytenking og innovasjonsprosessar. |
| **Opptakskrav**<br>Admission requirements | SP_OPPTAK | Grunnlaget for opptak til masterstudiet er bachelorgrad eller tilsvarende med spesialisering på minst 80 studiepoeng i spansk og latinamerikastudium, med snittkarakter C eller betre på dei emna som inngår i spesialiseringa.<br><br>~~Mastergradsstudiet byggjer på greidd bachelorgrad eller tilsvarande med spesialisering i Spansk språk og latinamerikastudium. Av dei 90 studiepoenga i spesialiseringa, kan ein byta ut inntil 15 med eit relevant emne frå eit anna fag i tråd med tilrådingane i Det humanistiske fakultetet sine studietilbod. Om kandidaten har studert ved ein lærestad som har krav om minimum 80 studiepoeng med spesialisering/fordjuping, vil dette bli akseptert som opptaksgrunnlag.~~<br><br><br>Studentar som ynskjer å søkja opptak til masterprogrammet i spansk ~~språk~~ og latinamerikastudium på anna grunnlag, vert oppmoda om å søkja om godkjenning innan 1.mars for opptak i |

| | | |
|---|---|---|
| | | haustsemesteret. Søknaden må innehalda karakterutskrift/vitnemål, pensumliste og emneomtalar for dei emna søkjaren meiner skal koma i staden for ei ordinær spesialisering. Godkjenninga må leggjast ved søknaden til masterprogrammet. Sjå den enkelte studieprogramsida for meir informasjon og fristar. |
| **Tilrådde forkunnskapar**<br>Recommended previous knowledge | SP_ANBFORK | Ingen formelle krav, men all undervisning skjer på spansk og føreset solide spanskkunnskapar.<br><br>~~Bachelorgrad eller tilsvarande med spesialisering i Spansk språk og latinamerikastudium eller tilsvarande frå utanlandske universitet.~~ |
| **Innføringsemne**<br>Introductory courses | SP_INNFORI | Det er ingen innføringsemne til masterstudiet. |
| **Obligatoriske emne**<br>Compulsory units | SP_OBLIGAT | ~~SPLA311, SPLA312, SPLA313, SPLA321, SPLA322, SPLA323 og SPLA350*~~<br><br>SPLA311 – Teori og metode i spansk lingvistikk (H – 10 stp)<br><br>SPLA312 – Teori og metode i latinamerikansk litteraturvitskap (H – 10 stp)<br><br>SPLA313 – Teori og metode i latinamerikansk historie og kulturkunnskap (H – 10 stp)<br><br>SPLA314 – Prosjektdesign og forskingformidling for latinamerikastudium (V – 10 stp)<br><br>SPLA315 – Spesialisering i latinamerikastudium (V – 20 stp)<br><br>SPLA350 – Mastergradsoppgåve i spansk ~~språk~~ og latinamerikastudium (H og V – 60 stp)<br><br>~~*) Fagmiljøet kan etter søknad godkjenna at inntil tre av emna SPLA311, SPLA321, SPLA312, SPLA322, SPLA313 eller SPLA323 blir bytta ut med andre relevante emne på 300-nivå. Det er ikkje mogeleg å byta ut to emne frå den same disiplinen.~~<br><br>~~Som eit førebuande ledd i arbeidet med masteroppgåva, må studentane levera ei prosjektskisse. Fristen for å levera prosjektskissa er 1.april/1. oktober i studenten sitt andre semester. Meir informasjon om utforminga av prosjektskissa blir gitt ved semesterstart~~ |
| **Spesialisering**<br>Specialisation | SP_SPESIAL | *[Skal berre fyllast ut for bachelorprogramma – lat stå tomt]* |

| | | |
|---|---|---|
| **Tilrådde valemne**<br>Recommended electives | SP_VALGFRI | *[Fyll ut dersom relevant]* |
| **Rekkefølgje for emne i studiet**<br>Sequential requirements, courses | SP_REKKEFO | Tilrådd rekkefølgje for emna i studiet:<br><br>1. semester (haust)<br><br>• SPLA311 – Teori og metode i spansk lingvistikk (10 stp)<br>• SPLA312 – Teori og metode i latinamerikansk litteraturvitskap (10 stp)<br>• SPLA313 – Teori og metode i latinamerikansk historie og kulturkunnskap (10 stp)<br><br>2. semester (vår)<br><br>~~SPLA321 Spansk lingvistikk (10 sp), våremne~~<br><br>~~SPLA322 Latinamerikansk litteratur (10 sp), våremne~~<br><br>~~SPLA323 Latinamerikansk historie og kulturkunnskap (10 sp),~~<br><br>• SPLA314 – Prosjektdesign og forskingformidling for latinamerikastudium (10 stp)<br>• SPLA315 – Spesialisering i Latinamerikastudium (20 stp)<br><br>3. semester (haust)<br>~~SPLA350 Masteroppgåve (60 sp), haust- og våremne, obligatorisk~~<br><br>• SPLA350 – Masteroppgåve i spansk ~~språk~~ og Latinamerikastudium<br><br>4. semester (vår)<br><br>• SPLA350 – Masteroppgåve i spansk ~~språk~~ og Latinamerikastudium<br><br>Alle som har studieplass på masterstudiet, har rett til individuell rettleiing i samsvar med ressursane på faget. Student og fagmiljø skal teikna ein forpliktande rettleiingskontrakt seinast i andre semester, som regel etter vurdering av prosjektskissa og alltid i samsvar med ressursane på faget. Tema for masteroppgåva skal |

| | | |
|---|---|---|
| | | godkjennast av rettleiar.<br>Tildeling av rettleiar skjer på bakgrunn av ressursane på faget. Det er mogleg for studenten å byta tema undervegs. Ved byte av rettleiar skal ny rettleiingskontrakt underteiknast.<br><br>Faget rår til at eventuelt studieopphald i utlandet skjer i 2. semester.<br><br>~~Faglege føresetnader for alle emna er spesialisering i spansk språk og latinamerikastudium.~~<br><br>~~Masterstudiet vil normalt vere eit firesemesters fulltidsstudium som byggjer på ei fagleg fordjuping i spansk språk og latinamerikastudium på 90 studiepoeng frå bachelorstudiet. Masterstudiet femner om ein kursdel på til saman 60 studiepoeng og ei masteroppgåve (SPLA350), som òg er på 60 studiepoeng.~~<br><br>~~Hovudopptaket til studiet er i haustsemesteret, men det er òg mogleg å søkja opptak til vårsemesteret. For studentar som startar i haustsemesteret, vil ein normal progresjon i studiet kunna vere slik tabellen syner:~~<br>~~1. semester: SPLA311, SPLA312 og SPLA313~~<br>~~2. semester: SPLA321, SPLA322 og SPLA323/Innlevering av prosjektskisse til masteroppgåve~~<br>~~3. semester: Masteroppgåve~~<br>~~4. semester: Masteroppgåve~~<br><br>~~For studentar som startar i vårsemesteret, vil ein normal progresjon i studiet kunne vere slik:~~<br>~~1. semester: SPLA321, SPLA322 og SPLA323~~<br>~~2. semester: SPLA311, SPLA312 og SPLA313/Innlevering av prosjektskisse til masteroppgåve~~<br>~~3. semester: Masteroppgåve~~<br>~~4. semester: Masteroppgåve~~<br><br>Alle emna i kursdelen (totalt 60 stp) må være fullførte før innlevering av masteroppgåva. |
| **Delstudium i utlandet**<br>Study period abroad | SP_DELSTUD | Det er tilrådd og tilrettelagt for at studentane tar delar av programmet som utvekslingsstudent i eit anna land. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Faget rår til at eventuelt studieopphald i utlandet skjer i 2. semester.<br><br>Tilrådde utvekslingsstader finn ein på nettsida til studieprogrammet<br><br>Ein kan òg velja frå Universitetet i Bergen sine avtalar med studiestader i heile verda. All informasjon om utveksling finn ein på www.uib.no/utveksling.<br><br>~~Det er mogleg å ta delstudium i utlandet. Spansktalande land blir tilrådd. UiB har avtalar med fleire universitet i andre land.~~ |
| **Arbeids- og undervisningsformer**<br>Teaching and learning methods | SP_ARBUND<br><br><br>(Erstatter SP_UNDMETO ) | ~~Det blir gitt førelesingar der frammøte blir tilrådd. Det er obligatorisk frammøte til rettleiing i skriving av essay eller skisse til masteroppgåveprosjektet.~~<br><br>Gjennom ulike undervisingsformer får studentane høve til å studera  faget på ulike måtar. Undervisninga er forskingsbasert og føreset aktiv deltaking frå studentane.<br><br>På dei aller fleste emna på programmet er det førelesingar og seminar der frammøte er sterkt tilrådd.<br><br>Arbeidsmetodar er førelesingar/seminar, gruppearbeid, skriftlege og munnlege presentasjonar, omgreps- og problemfokuserte oppgåver, problembasert læring og rettleiing.<br><br>Rettleiing per e-post/telefon vert berre gjeve i særhøve, og då etter godkjenning av søknad til instituttet.<br><br>For nærare informasjon, sjå dei einskilde emneplanane. |
| **Vurderingsformer**<br>Assessment methods | SP_VURDERI | Gjennom studiet møter studentane ulike vurderingsformer. Til dømes skriftleg skuleeksamen, rettleidd oppgåve,  heimeeksamen, munnleg eksamen Vurderingsformene er tilpassa læringsutbyttet i dei ulike emna.<br><br>For nærare informasjon om vurderingsformer, sjå dei einskilde emneplanane.<br><br>~~Vurderingsformer på emna er; mappevurdering (SPLA311), munnleg eksamen (SPLA312, SPLA323), heimeeksamen (SPLA313) og rettleidd semesteroppgåve (SPLA321, SPLA322)~~<br><br>~~Mastergradsoppgåva blir vurdert av to sensorar, ikkje~~ |

| | | |
|---|---|---|
| | | ~~rettleiar.~~ |
| **Litteraturliste**<br>Reading list | | Litteraturliste finn ein på det einskilde emnet si nettside.<br><br>Litteraturlista skal liggja føre innan 01.06 for haustsemesteret, og innan 01.12 for vårsemesteret.<br><br>~~Litteraturliste finn ein på Mi Side~~<br><br>~~Lista vil vere klar innan 01.06 / 01.12 for det komande semesteret.~~ |
| **Karakterskala**<br>Grading scale | SP_KSKALA | Ved sensur av emna i programmet kan det bli nytta ein av to karakterskalaer:<br><br>• A-F, der F er stryk<br>• greidd/ikkje greidd<br><br>Sjå emneplanen for det einskilde emnet. |
| **Vitnemål og vitnemålstillegg**<br>Diploma and Diploma Supplement | SP_VITNEM | Vitnemål og vitnemålstillegg vert skrive ut etter at graden er fullførd. |
| **Grunnlag for vidare studium**<br>Access to further studies | SP_KOMPETA | Fullført masterprogram med gode resultat kvalifiserer til å søkja om opptak på doktorgradsstudium i relevante fag.<br><br>Studentar som planlegg å ta PPU, må syta for å få dekka opptakskrava gjennom studietida. Informasjon finn ein på www.uib.no/studieprogram/PRAPED<br><br>~~Mastergradsstudiet i Spansk språk og latinamerikastudium kan gi forskarkompetanse.~~ |
| **Relevans for arbeidsliv**<br>Employability | SP_ARBLREL | Av relevante yrkesalternativ kan nemnast: forskings- og undervisningsarbeid ved høgskule og universitet, undervisningsarbeid i grunnskule og ved vidaregåande skule, omsetjingsarbeid~~– og bibliotekarbeid~~, bibliotek, ~~oppgåver innan~~ massemedia, forlag, reiseliv, næringsliv, offentlege ~~og friviljuge~~ institusjonar (medrekna utanrikstenesta), hjelpearbeid og liknande.<br><br>~~Spansk er dessutan valfritt undervisningsfag i grunnskulen og vidaregåande skule.~~ |
| **Evaluering**<br>Evaluation | SP_EVALUER | Masterprogrammet vert evaluert kontinuerleg i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB. Emne- og programevalueringar finn ein på |

| | | |
|---|---|---|
| | | kvalitetsbasen.uib.no |
| **Skikkavurdering og autorisasjon**<br>Suitability and authorisation | SP_AUTORIS | Programmet har ikkje krav om autorisasjon eller vurderingar av kor skikka kandidatane måtte vera for ulike arbeidsoppgåver. |
| **Programansvarleg**<br>Programme committe | SP_FAGANSV | Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet |
| **Administrativt ansvarleg**<br><br>Administrative responsibility | SP_ADMANSV | ~~Det humanistisk fakultet v/ Institutt for framandspråk~~ Institutt for framandspråk ved Det humanistiske fakultet har det administrative ansvaret for studieprogrammet. |
| **Kontaktinformasjon**<br>Contact information | SP_KONTAKT | ~~Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål:~~<br>*studierettleiar@if.uib.no*<br>*Tlf. 55 58 93 70* |

| Kategori/Infotype | Tekst |
| --- | --- |
| Emnekode | SPLA311 |
| **Namn på emnet, nynorsk** | Teori og metode i spansk lingvistikk |
| **Namn på emnet, bokmål** | Teori og metode i spansk lingvistikk |
| **Namn på emnet, engelsk** | Theory and Methods in Spanish Linguistics |
| **Studiepoeng, omfang**<br>ECTS Credits<br>EB_POENG | 10 |
| **Studienivå** (studiesyklus)<br>Level of Study<br>EB_NIVA | Master |
| **Fulltid/deltid**<br>Full-time/Part-time<br>EB_FULLDEL | *Ikkje relevant* |
| **Undervisningsspråk**<br>EB_SPRAK | Spansk |
| **Undervisningssemester**<br>Semester of Instruction<br>EB_UNDSEM | Haust |
| **Undervisningsstad**<br>Place of Instruction<br>EB_UNDSTED | Bergen |
| **Mål og innhald**<br>Objectives and Content<br>EB_INNHOLD | ~~*Mål:*~~<br>~~Arbeidet med diverse metodar innanfor spansk lingvistikk skal gje studentane større innsikt og utvida kompetanse i moderne spansk språkvitskap.~~<br>~~Analyse av arbeid skrivne om spansk språkvitskap (spanske dialektar, lingvistiske atlas, sosiolingvistikk, etnolingvistikk, språkkontakt m m) skal gje studentane evne til kritisk refleksjon i forskingsarbeidet.~~<br><br>~~Det vert òg gjeve ei innføring i korleis ein kan skrive ei prosjektskisse, kva som kan vere aktuelle tema for masteroppgåva og om aktuelle rettleiarar. Ca to timar er sett av til dette.~~<br><br>*Innhald:*<br>Emnet skal innehalda minst fire av følgjande komponentar:<br>• Spansk språk som studiemål (innleiing)<br>• Metodar i spansk dialektologi<br>• Metodar i spansk sosiolingvistikk<br>• Spansk i kontakt med andre språk<br>• Spansk språk og kultur<br>• Spansk målsoge<br>• Nye trendar innan spansk lingvistikk<br>• Korpuslingvistikk |

| | |
|---|---|
| | • Munnleg språk |
| **Læringsutbytte**<br>Learning Outcomes<br>EB_UTBYTTE | Etter fullført emne har studenten følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, kompetanse og generell kompetanse:<br><br>Kunnskapar<br>Studenten<br>• har kjennskap til moderne tilnærmingsmåtar innan spansk språkvitskap, og kjenner hovudlinene i dei ulike metodane og teknikkane språkforskarar har brukt i analysen av spansk i ~~dei siste 70 åra~~ nyare tid.<br>• har innsikt i teoretiske og metodiske problemstillingar innanfor spansk språkvitskap.<br><br>Kompetanse<br>Studenten<br>• er i stand til å gjera greie for hovuddraga i moderne måtar å arbeida med spansk språk på.<br>• har eit grunnlag for å halda fram med forskingsverksemd innan spansk språk.<br><br>Generell kompetanse<br>Studenten<br>• kan skilja mellom desse metodane og arbeida med dei.<br>• fått oppøving i evne til kritisk refleksjon<br>• ~~har eit grunnlag for å halda fram med forskingsverksemd innan latinamerikansk og europeisk spansk språk.~~ |
| **Krav til forkunnskapar**<br>EB_KRAV | Ingen formelle krav, men all undervisninga skjer på spansk og føreset solide spanskkunnskapar. |
| **Tilrådde forkunnskapar**<br>EB_ANBKRAV | Ikkje relevant. ~~Ingen.~~ |
| **Studiepoengsreduksjon**<br>EB_SPREDUK | Ingen |
| **Krav til studierett**<br>EB_STUDRET | Emnet er ope for studentar med opptak til masterprogrammet i spansk ~~språk~~ og latinamerikastudium ~~ved Universitetet i Bergen..~~ |
| **Arbeids- og undervisningsformer**<br>Teaching and Learning Methods<br>EB_ARBUND | Undervisningsform er seminar/førelesingar på til saman 24 timar, to timar per veke i 12 veker eller som blokkundervisning, der det er ein føresetnad at studentane deltek aktivt gjennom semesteret.<br><br>~~Det vert gjevne førelesingar og seminar i ulike språkvitskaplege disiplinar som kan nyttast i studiet av spansk, ein dobbelttime per veke i 12 veker.~~<br><br>Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan |

| | |
|---|---|
| | undervisningstilbodet verta tilpassa studenttalet. Studentane vil i så fall bli informerte om det alternative undervisningsopplegget ved semesterstart og før semesterregistreringsfristen 1. februar/1. september. |
| **Obligatorisk undervisningsaktivitet**<br>Compulsory Assignments and Attendance<br>EB_OBLIGAT | ~~Den rettleidde oppgåva som vert omtalt under Vurderingsformer skal leverast til rettleiing i løpet av semesteret~~<br>Eit utkast av den rettleidde oppgåva som vert omtala i rubrikken Vurderingsformer skal leverast til rettleiing til fastsett tid i semesteret.<br><br>Det er òg obligatorisk for studentane å møta ein gong til rettleiing til avtala tidspunkt. Berre i særhøve vil det vera aktuelt med rettleiing per e-post og då etter søknad til instituttet. Frist for innlevering av utkastet vert kunngjord på seminaret.<br><br>Godkjenning av obligatoriske arbeidskrav gjeld i undervisningssemesteret og semesteret etter.<br><br>~~Det obligatoriske arbeidskravet er gyldig i eitt semester etter undervisningssemesteret.~~ |
| **Vurderingsformer**<br>Forms of Assessment<br>EB_VURDERI | ~~Studentane skriv~~ Ei rettleidd oppgåve (essay) på ca. 4000 ord på spansk, pluss bibliografi. Tema for oppgåva blir godkjent av faglærar, og oppgåva blir vurdert av ein eksamenskommisjon i slutten av semesteret. |
| **Hjelpemiddel til eksamen**<br>Examination Support Material<br>EB_HJELPEM | Ikkje relevant. |
| **Karakterskala**<br>Grading Scale<br>EB_K-SKALA | Det vert nytta gradert ~~Ved sensur nyttar ein~~ karakterskala frå A til F, der F er stryk. |
| **Vurderingssemester**<br>Assessment Semester<br>EB_EKSSEM | Haust.<br><br>Der er òg vurdering tidleg i vårsemesteret for studentar med gyldig godkjenning av obligatoriske arbeidskrav. |
| **Litteraturliste**<br>Reading List<br>EB_LEREM | Ca. 500 sider henta frå diverse arbeid i spansk språkvitskap frå ca. 1950 til i dag.<br><br>Studentane skal som hovudregel leggja opp det pensumet som ligg til grunn for undervisninga det gjeldande semesteret. Alternative pensum kan godkjennast etter grunngjeven søknad til fagmiljøet.<br><br>~~I undervisningsfrie semester gjeld opplegget frå semesteret før som standardpensum.~~ |

| | |
|---|---|
| | Litteraturlista vil vere klar innan 01.06. for haustsemesteret og 01.12. for vårsemesteret. |
| **Emneevaluering**<br>Course Evaluation<br>EB_EVALUER | ~~Undervisninga blir evaluert~~ Emneevalueringar vert gjennomførde i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem. |
| **Programansvarleg**<br>Course Coordinator<br>EB_PROGANS | Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der. |
| **Emneansvarleg**<br>EB_EMNANSV | Programstyret for spansk og latinamerikastudium. |
| **Administrativt ansvarleg**<br>Course Administrator<br>EB_ADMANSV | Det humanistiske fakultet ved Institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet. |
| **Kontaktinformasjon**<br>Contact Information<br>EB_KONTAKT | Studierettleiar: studierettleiar@if.uib.no<br>Eksamensadministrasjon: eksamen@if.uib.no |

| | |
|---|---|
| Emnekode | ~~SPLA321~~ |
| Emnenamn | ~~Spansk lingvistikk~~ |
| Engelsk emnenamn | ~~Spanish Linguistics~~ |
| Studiepoeng | ~~10~~ |
| Undervisningssemester | ~~Vår (går første gong våren 2015)~~ |
| Undervisningsspråk | ~~Spansk~~ |
| Studienivå | ~~Master~~ |
| Krav til studierett | ~~Emnet er ope for studentar med studierett på masterprogrammet i spansk språk og latinamerikastudium ved Universitetet i Bergen.~~ |
| Mål og innhald | ~~SPLA321 er eit fordjupingsemne i eit tema frå spansk lingvistikk. Innhaldet i emnet vil variere frå semester til semester. Tilbodet kan til dømes vere kurs med tema frå anvendt lingvistikk, tekstlingvistikk, diskursanalyse, omsetjingsteori, pragmatikk, eller kombinasjonar av desse.~~ |
